

Aktivitetsplan 2016/2017

Dato	Arrangement	Komite
Fre. 21. okt.	Heim i Haust	Reidunn, Tove, John Inge, Erling.
Søn. 23. okt.	Basar	Ingunn, John, Marte, Espen, Ola V, Alice.
Søn. 18. Des.	Julekonsert	Styret
Fre. 6. - søn. 8. jan.	Øvingshelg eigen dir.	Styret, Noteutval og nyttårskonsertkomite.
Lau. 14. jan 2017	Nyttårskonsert	Sølvi, Asbjørn, Jonathan, Mathias, Kari, Inge.
Lau. 27. april	Speling på turnstemne	Styre - noteutval



Dagens portrett: Lina Wåge

Har du det bra?:

Eg har det slett ikkje verst

Gler du deg til jul?:

Gler meg alltid te jul.

Harde eller mjuke pakkar?:

Jatakk, begge deler;-)

Plast-, fure- eller grantre?:

Furutre, sjølv sagt. Grana er korkje fin ute eller inne.

Kokt egg eller speilegg?:

Hardkokt egg

Feriemål?:

Brøttum og Danmark

Tidleg i seng eller tidleg opp?:

Tidleg opp og tidleg i seng

Sukker eller sirup til klubb?:

Sukker

Fisk eller kjøtt på grillen?:

Kylling

Skifte dekk eller vaske hus?:

Helst ingen av delane

Takk-for-maten-tale eller betale rekninga?:

Takkar gjerne for maten :-)

Køyre sjølv eller sitte på?:

Kjem an på sjåføren

Fotballkamp eller kino?:

Kino

Vassendgutane eller Kygo?:

Likar godt begge, likar i grunnen alt av musikk

Trump eller Clinton?:

Obama eller helst Erling

Konge eller president?:

Konge

Jordbærsylte eller bringebærsylte?:

Bringebærsylte

Trøsykkel eller motorsykkel?:

Trøsykkel

Ved eller varmevifte?:

Fyre med ved

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 09

23. årgang

Oktober 2016

Gjorde stor suksess i Spania



Torskangerpoll Musikklag og Isak Søraa hadde fire flotte konsertar under oktobefestivalen i Calella i Spania som varte i ei veke.

Det heile toppa seg med konserten fredag kveld i festivalteltet der det er plass til 3.000 personar. Det var stor stemning og korpset fekk mykje skryt.

Medlemmene betalte sjølv reise og opphald. Det vart ein flott og minnerik tur med mange opplevingar. Mange korps frå ulike land deltok på festivalen.

Fredag 21. oktober klokka 20.00 skal Torskangerpoll Musikklag ha konsert under Heim i Haust på Raudeberg. Vi skal framføre konserten "Frå Elvis til Sinatra" med Isak Søraa som solist og stiller i nye kostymer.. Her blir det høgdepunkt frå tidlegare konsertar.

Søndag 23. oktober klokka 16.00 er det basar i grendahuset i Vågsvåg. I forkant blir det sal av lodd på bøkene. Vil du gje gjevinst til basaren så kontakt Ingunn Kvalheim 41335683 eller ingunnkval@hotmail.com.

Korpset jobbar også med å planlegge og øve til nyttårskonserten som skal vere i Samfunnshallen **laurdag 14. januar 2017.**

www.torskangerpoll.no



Den gamle mann
En 70 år gammel mann kommer til legen for å få sin årlige helsesjekk.
Pasienten: "Jeg har nylig blitt gift."
Legen: "Å?"
Pasienten: "Ja og det med en på 18 år."
Legen: "Det får jeg si!"
Pasienten: "Ja og det beste er at hun er gravid".
Legen: "Til lykke med det - Det minner meg om en storviltsjakt jeg en gang var på. Vi gikk midt i skogen og plutselig kommer det en kjempebjørn stormende mot meg. Jeg griper febrilsk bak meg, får tak i paraplyen og trykker knappen så den folder seg ut. I det samme lyder et brak og bjørnen faller om."
Pasienten: "Det må ha vært en annen som skøyt."
Legen: "Akkurat. Det er det jeg mener."



"Frå Sinatra til Elvis"
Torskangerpoll Musikklag

Isak Søraa

serverer musikalske perler i Raudeberg nye Kulturhus
Fredag 21. oktober klokka 20.00

BASAR



med
Torskangerpoll Musikklag
Søndag 23. oktober i
Våge/Oppedal Grendehus

Klokka 16.00

Holvik Skulekorps underhold

Basar med mange aktiviteter;
kafeteria, åresal, loddsal. Mange flotte gevinster.



Arr: Torskangerpoll Musikklag

